

HANEN INSPIRERT AV SLOVENIA.

Tekst og foto; Roar Werner Vangsnes

I slutten av oktober reiste Hanen på sin 6. utlandstur sidan 2001. Denne gong til Slovenia med start i Wien og avslutning i Venezia. I samarbeid med det slovenske støtteapparatet for tileggsnæringar i landbruket og søsterorganisasjonen i landet samt ein dyktig turopeartør, fekk vi mange nye impulsar med heim til Norge.

Eit lite land som satsar på turisme

Slovenia fekk sjølvstende etter oppløysinga av Jugoslavia i 1991, og har bygd seg opp til å bli eit populært reisemål mellom Italia, Austerrike og Ungarn. Vel 2 millionar menneske bur på eit areal vel 20 000 km² på storleik med Nord Trøndelag. Avstandane er korte og naturen variert, noko som er eit konkurransefortrinn

Gards- og bygdeturismen under utvikling.

Vi fekk ei grundig orientering frå Vesna Čuček som arbeider som statleg rådgjevar for utvikling av nye næringar i landbruket. I dag er det registrert 740 gardsbruk som tilbyr overnatting i Slovenia, i hovudsak overnatting i private heimar. Bygdeturismeorganisasjonen i landet har 327 av desse som medlemmer. Organisasjonen er avgrensa til dei som kan tilby overnatting, medan dei har andre organiserte nettverk for dei som kun driv med lokal produksjon, besøkgardar etc. Mange av dei som tilbyr overnatting produserer også det mange av produkta som blir servert til gjestene. På den måten er dei flinke til å utnytte ressursane sine, og gjestene set pris på den lokale maten og vertskapet. Dialogen med det nasjonale reiselivsrådet fungerer godt, og dei marknadsfører bygdeturismeprodukta gjennom sine kampanjar.

Møte med ein ung stolt bygdeturismevert

På garden Firbas vart vi teken i mot av sonen Bojan, som snart er ferdig med reiselivsutdanninga på universitetet. Bojan ser at det ligg moglegheiter til å kunne drive garden vidare med eit godt økonomisk fundament saman med foreldra sine. I dag er det ikkje lov for ein gardsturismevert å ha meir enn 10 rom og 30 senger. Då må du kalla deg pensjonat eller hotell. Ein regel som han meiner er for rigid, når produktet skal vidareutviklast. Han påpeikar at det ikkje er noko mål å bli veldig stor og upersonleg, men ser at kapasiteten kan aukast noko meir. Slovenia er eit ungt land, og vi som er unge har trua på at reiselivet vil vera med å skapa inntekter til oss som bur i distrikta, avslutta Bojan.



Bojan møter oss på garden Firbas, med sine lokale produkt. Han er ein viktig representant på den neste generasjonen innan bygdeturismen i Slovenia.

Hanen har eit mykje breiare nedslagsfelt enn sin søsterorganisasjon i Slovenia. Det er både ei utfordring og ein styrke. Det er på slike turar ein får opp gode diskusjonar, på korleis ein kan klare å styrke Hanen sin posisjon som det viktigaste bransjenettverket og talerøyret for bygdeturismenæringa i Norge.



30 reiselivbønder på tur i ei veke styrkar nettverk og samhald gjennom felles opplevingar og gode diskusjonar. Her ved strandkanten i Bled – eit av dei store turistmåla i Slovenia.